



STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR
NATURFORSKNING NINA
v/ Ingunn M. Tombre
Postboks 5685 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Dato: 09.05.2018
Vår ref.: 2018/232-32
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til viltformål 2018 – Gjess som utfordring og ressurs

Det vert vist til dykkar søknad datert 12.01.2018 om tilskot til viltformål – til prosjekt «Gjess som utfordring og ressurs». Søknaden vart fremja i det elektroniske søknadssenteret ved Miljødirektoratet (ESS), der den har referanse 18SC2CBE.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama sak om tilskot til viltformål i møte 24.04.2018, sak PS 51/2018. Der fekk diverre søknaden avslag.

Grunngjeving

Det vert vist til søknadsvurderingane i saksframlegget og til vedtaket i saksprotokollen.

Lenkje til saksframlegg med søknadsvurdering: <https://bit.ly/2IOKDWi>

Lenkje til saksprotokoll med vedtak: <https://bit.ly/2KmxbtY>

Som det går fram av saksframlegget er det vurdert at prosjektet er for overordna og lite spesifisert for å tilskot frå fylkeskommunen, og at tiltaket kanskje i liten grad gjeld fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar for gjæser, som er avgrensa til dei framande og haustbare artane kanadagås og stripegås.

Klage/partsinnsyn

Det er klagerett på vedtak om midlar til viltformål, då desse er enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 28.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Jomar Ragnhildstveit på epost jomar.ragnhildstveit@hfk.no, eller telefon 976 66 576. Lukke til vidare med dykkar arbeid!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.